

HEILSKAPENS DETALJAR I IVAR AASEN-TUNET

John Aage Gjestrum (†)

Ivar Aasen-tunet er eit nasjonalt dokumentasjonssenter for nynorsk skriftkultur, plassert midt mellom dei to kommunesentra Ørsta og Volda på Nordvestlandet i Noreg.¹

John Aage Gjestrum kom inn i arbeidet med Ivar Aasen-tunet seinhaustes 1993 då eit utval skulle vurdere forprosjektrapporten for Aasen-tunet frå hausten 1992. På kort tid greip han fatt i ei rekkje sentrale spørsmål for eit slikt prosjekt, og i eit grundig notat frå januar 1994 gav han tydelege tilrådingar på alle punkt. I 1995 var John Aage ein heilt nødvendig føresetnad for at arbeidsgruppa bak prosjektet kunne leggje fram eit gjennomarbeidd, revidert plandokument for Kulturdepartementet. Etter slike tidsavgrensa oppdrag blei han sekretær for brukargruppa, som hadde det faglege ansvaret for nybygg og basisutstilling. Frå vinteren 1999 var han også utstillingsprodusent.

Saman med arkitekt Sverre Fehn og sin eigen medarbeidar Inger-Christine Årstad forma han ei original, fleksibel og vakker basisutstilling i tråd med utstillingsplanen frå brukargruppa. Gjennom desse åra tilførte han Aasen-tunet vesentlege kvalitetar og særtrekk, og i ettertid har han fått tydeleg rett i mange av vurderingane sine. Utan han ville dette blitt noko anna enn det no er.

Ivar Aasen-tunet er blitt Fehns arkitektoniske storverk. Vi trudde det også skulle bli Gjestrum si sveineprøve for nye tunge prosjekt. I staden blei det krona på verket. Han var i Aasen-tunet siste gongen laurdag 10. februar 2000.

John Aage skreiv aldri nokon fagartikkel om dette store prosjektet. Derimot skreiv han mange utgreiingar og arbeidsdokument mellom 1995 og 2000 (jf. litteraturlista). Formelt er fleire av dokumenta delvis kollektive og institusjonelle tekstar, men i praksis er det John Aage som har skrive dei. Teksten nedanfor er redigerte utdrag frå desse dokumenta i kronologisk rekkjefølgje. På den måten kan prosessen frå oversyn og faglege prinsipp til praktiske grep og detaljar bli synleg. Det var slik John Aage arbeidde, med inderleg omtanke for alle sider av dei prosjekta han involverte seg i. Han hadde i seg den uroa som alltid er der inntil den optimale løysinga er funnen. Difor blei heller ikkje alt slik det er tenkt i teksten, som sluttar like brått som hans livsverk.

(Ottar Grepstad, direktør Nynorsk kultursentrum)



Kartet viser plasseringa av Ivar Aasentunet mellom Ørsta og Volda på Nordvestlandet i Noreg.

FRÅ EITT SENTER
TIL TO INSTITUSJONAR (1995)

Sidan årsskiftet 1990–1991 har det vore arbeid med realiseringa av eit nasjonalt senter for nynorsk språk og kultur lokalisert til Ørsta og Volda. Ved å kople saman dei folkelege og akademiske sidene ved nynorsken vil ein auke effekten av arbeidet for nynorsk skriftkultur. Ein riksdekkande institusjon

som det nasjonale senteret skal vere, vil handle om det lokale og regionale i det nasjonale, men også om det nasjonale i det internasjonale. Endra samfunnstilhøve og nye kommunikasjonsformer gjer det også viktig å styrke det institusjonelle grunnlaget for nynorsk skriftkultur. Likeins å gi nynorsk ei presentasjonsform som bygger på tradisjonens egne føresetnader.

Ved årsskiftet 1992–1993 kunne utvalet

bak prosjektet legge fram ei innhaldsrik utgreiing med både ein grundig dokumentasjon av det faglege grunnlaget og konkrete framlegg til løysingar. Ikkje minst fordi utgreiinga er bygd opp av kapittel skrivne av framstående fagfolk innanfor sine spesialområde, har ho stor verdi sjølv om einskildspørsmål i den konkrete realiseringa vil måtte løysast annleis. Dei totale kostnadene ved realisering av prosjektet etter framlegget i forprosjektrapporten er rekna ut til å vere om lag 65 mill. kr. – 58,8 mill. kr. i eit Ivar Aasenhus i Hovdebygda, Ørsta, og 6,3 mill. kr. i eit Ivar Aasen-institutt med tilknytning til det nye høgskulebygget i Volda. Utgreiinga såg Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet som hovudansvarleg for institutt-delen og Kulturdepartementet for kulturbyggdelen. Tanken er å plassere bygget i grenselandet mellom desse to kommunane, fem kilometer frå kvart av kommunesentra.

Det to departementa gjekk ved årsskiftet 1993–1994 saman om å få gjort ei vurdering av framlegga i forprosjektrapporten. Eit utval under leiing av Bodil Røyset skulle mellom anna analysere funksjonsfordelinga som låg til grunn med lokalisering til to stader, vurdere i kva grad det er mogleg å realisere prosjektet innanfor reduserte investeringsrammer. Røyset-utvalet føreslo etablering av eit samla senter, kalla "Ivar Aasen-tunet" lokalisert til Åsen i Hovdebygda. Utvalet føreslo ei løysing med ei samla investering på 53,4 mill. kr. Dette innebar ein reduksjon på 18 % i høve til framlegget i forprosjektrapporten.

Hausten 1994 vart det klart at fordelane med å knyte Ivar Aasen-instituttet saman med Høgskulen i Volda vart vurdert å vere større enn det som kunne vinnast ved Røysetutvalets framlegg om samlokalisering i Hovdebygda. Dette vart også stadfesta av kyrkje- og

undervisningskomiteen i Stortinget (Budsjettinnst. S. nr. 12 1994–95, s. 48):

Komiteen sitt fleirtal, alle unntatt medlemmet Christiansen, føreset at Ivar Aasen-senteret i Ørsta/Volda vert organisert og sett i gang innanfor ei todelt løysing med eit nasjonalt kulturbygg i Aasen-tunet for utstilling og kulturformidling, og med Høgskulen i Volda med knutepunkt i Norgesnettet innanfor fagfeltet nynorsk språk og kultur.

Fleirtalet bed difor Kulturdepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i samarbeid med Ivar Aasen-stiftinga å vidareføre prosjektarbeidet.

Fleirtalet legg til grunn at nynorsk skriftspråk vert eit prioritert fagområde innanfor Høgskulen i Volda og at forskning på dette fagområdet vert utvikla i nært samarbeid med aktiviteten ved Ivar Aasen-senteret, m.a.o. ei todelt løysing.

[...]

Fleirtalet bed difor Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i samband med tildeling av stillingar for 1995 legge til rette for at Høgskulen i Volda vert knutepunkt i Norgesnettet innanfor fagfeltet nynorsk språk og kultur.

Høgskulen i Volda sette ned eit utval for å konkretisere realiseringa av Ivar Aasen-instituttet i tråd med dette. Innstillinga var klar i februar 1995. Ved stegvis utbygging vil 4,5 faste stillingar vere etablerte i 1998, instituttet vil få administrativ tilknytning og lokalisering inntil Avdeling for humanistiske fag, og på lengre sikt få eigne lokale i nybygg for Høgskulen i Volda.

I Stortinget vart det for 1995 avsett 1,3 mill. kr. til Ivar Aasen-senteret under *post 73 Nasjonale kulturbygg*. Samstundes sa kulturkomiteen at dei

vil understreke behovet for ei avklaring og større framdrift i arbeidet med å legge til rette for eit senter for nynorsk skriftkultur i Volda/Ørsta.

58 Kulturkomiteen understreka vidare i Budsjett-innst. S. nr. 2 1994–95, s. 18

at den totale kostnadsramma vert nøye vurdert. Den føreslåtte løyvinga for 1995 kan nyttast når partane har lagt fram ein plan over prosjektet sitt omfang, innhald og framdrift. [...] Fleirtalet vil peike på at det i prinsippet må vere ei nasjonal oppgåve å ivareta det nynorske skriftspråket.

Nasjonalt senter for nynorsk språk og kultur: Ivar Aasen-instituttet og Ivar Aasen-tunet
Ivar Aasen-instituttet skal vere eit forskingsinstitutt med høgt kvalifiserte forskarar, størstedelen av personalet på førsteamanuensis- og professor-nivå. Følgjande målsettingar og hovudoppgåver er prioriterte:

- I. Knutepunkt i Noregsnettet innanfor nynorsk språk og skriftkultur
- II. Undervisning og rettleiing til hovudfagsstudentar og doktorgradsstudentar
- III. Utvikling og gjennomføring av forskingsprogram og -prosjekt
- IV. Publisering og forskingsformidling både nasjonalt og internasjonalt
- V. Utvikling av kurs- og undervisningsprogram i nynorsk språk og skriftkultur
- VI. Generell opplysnings- og formidlingsverksemd

Planen er å lyse ut stillinga som forskingsleiar alt i 1995. Instituttet skal ha ein fleirfagleg akademisk profil, og tek sikte på å knyte til seg stipendiatar og hovudfagsstudentar frå 1995/96.²

Ivar Aasen-tunet skal vere eit nasjonalt kulturbygg der ein *set språket på utstilling*. Kulturbygget vil ha ein museumsdel utvikla vidare frå det gamle Ivar Aasen-museet, dokumentasjonsenter, utstillingar og vere hovudplass for institusjonen Dei Nynorske Festspelela.³ Ei hovudoppgåve vil vere å ta vare på og

føre vidare viktige element som frå og med det første store stemnet i Åsen i 1893 har gjort staden til ein valfartsstad for norsk kultur. I dette ligg sjølvstekt viktige element i samlingane som vart førte attende frå Oslo til Åsen av familien etter at Ivar Aasen døydde i 1896, likeins andre store og viktige samlingar som i dag ikkje er sikra høvelege lokale eller tilgjenge for brukarar.

Det nasjonale kulturbygget i Ivar Aasentunet vil vere *første staden i Noreg der språket blir sett på utstilling*. Språk er noko alle menneske har felles – sjølv om utforminga er ulik rundt om i verda. Skriftspråk som ”oppfinning”, som kulturelt og sosialt fenomen er ein føresetnad for heile vår sivilisasjon. I skriftspråket formulerer menneske sine tankar så andre kan nå dei – det gjer det mogleg å kommunisere på tvers av tid og rom. Språket er ein infrastruktur som er synleg og usynleg på same tid – fordi språket for svært mange er noko vi a priori tek som sjølvstekt.

Sjølv om det ikkje har vore gjort tidlegare, er det stor grunn til å tru at ei framstilling av språk i det tredimensjonale museumsmediet her vil opne for nye perspektiv. Etablering av skriftspråk som allmennmenneskeleg fenomen heng nært saman med demokrati og ytringsfridom – verdiar som menneske alltid må forsvare. Utstillingane vil kunne vise norsk språk som del i ei større internasjonal språkutvikling. Ein må få fram den norske språksituasjonen generelt og det nynorske skriftspråket spesielt.

I nyare museumsforskning har nettopp det å gjere det usynlege synleg vore peika på som eit hovudkarakteristikum for musea (Pomian 1990). Det visuelle/romlege tredimensjonale utstillingsspråket kommuniserer med publikum etter andre prinsipp enn til dømes den lineære framstillinga i ei bok eller eit fjern-

synsprogram. Samtidig som språket i utgangspunktet er abstrakt, er produkta frå språket i høgaste grad konkrete: trykkeskildring, bøker, aviser, nye elektroniske kommunikasjonsformer. Ved eit samspel mellom museums-, utstillings- og språkfagleg ekspertise vil det vere mogleg å skape utstillingar der publikum møter noko nytt og utfordrande om språk både i form og innhald.

Den arkitektoniske utforminga av det nasjonale kulturbygget må ta utgangspunkt i det heilt spesielle miljøet på staden. I nemninga *Ivar Aasen-tunet* ligg klare føringar i retning av at det nye skal tilpassast målestokken i tunet som alt er bygd med Ivar Aasen-museet. Dei gamle husa, steingarden, gamlevegen mot Volda, dei gamle stiane, det steinete beite- og slåttelandet, gamle tre og annan vegetasjon – alt dette er berarar av noko autentisk, det ein kan kalle ein *musealitet* som også omfattar kjenslgjeringane knytte til det at Ivar Aasen faktisk var fødd og oppvaksen nettopp på denne staden.

I gjennomføringa av prosjektet må ein vere klar over kor sårbart miljøet her er, og det må gjerast nøye vurderingar av plassering av bygg, kommunikasjonar og andre inngrep. Dei to gamle museumsbygga og bautasteinen i tunet er i seg sjølv viktige kulturminne knytte til Åse-garden som minne- og valfartsstad. Realiseringa av det nasjonale kulturbygget må difor gjerast slik at det styrker og ikkje svekker kvalitetane som ligg i dette.

Eitt senter – med samspel mellom to delar

Når Stortinget nå har gjort klart at det nasjonale senteret for nynorsk språk og kultur blir etablert i to einingar, er det samstundes mogleg å gjere tydeleg kva som er skilnadene på dei to institusjonane.

Ivar Aasen-instituttet skal vere ein akade-

misk orientert forskingsinstitusjon med spisskompetanse og verksemd innanfor prioriterte emne og tema. Nært knytte til dei ulike forskingsprosjekta vil dei einiskilde forskarane bygge opp materialsamlingar – delvis basert på eiga innsamling. I instituttplanane ligg det ikkje inne kapasitet for oppbygging og drift av store generelle samlingar. Kommunikasjonen utetter vil for instituttet i hovudsak vere retta mot andre akademikarar og studantar i inn- og utland, mellom anna gjennom Noregsnett, publisering av forskingsresultat, gjesteforelesingar og deltaking i faglege konferansar. Resultata må sjølvstøtt og også kome formidlingsarbeidet ved Ivar Aasen-tunet til nytte.

Ivar Aasen-tunet vil som nasjonalt kulturbygg ha ein open profil mot breie brukargrupper og vere ein stor offentleg arena for norsk og nynorsk kultur i alle former. Utstillingar og samlingar vil vere attraktive besøksmål både for turistar (som er ”alminnelege menneske”, berre frå ”ein annan” stad) og for skoleelevar. Dei Nynorske Festspela er allereie innarbeidd overfor eit stort publikum. Kurs, konferansar og særskilt tilrettelagde arrangement for organisasjonar, private og offentlege verksemdar vil vere ein viktig aktivitet. 850 000 nålevande nordmenn har, har hatt eller vil få nynorsk som hovudmål. Å satse på *språket som reisemål* vil derfor møte ei stor målgruppe mellom dei som identifiserer seg som nynorskbrukarar.

Medan instituttet vil få meir spesialiserte samlingar bygde opp kring prioriterte forskingsprosjekt, vil samlingane i Ivar Aasen-tunet vere meir generelle og omfattande, bygde opp med basis i samlingane etter Ivar Aasen og Aasen-forskaren Reidar Djupedal (1921–1989). Andre viktige boksamlingar kan kome i tillegg. Bøkene blir både utstil-

lingsgjenstandar og studiemateriale i ei betjent samling der publikum kan få service. I kulturbygget vil det derfor vere eit stort og spesialisert fagbibliotek med sterk historisk orientering, medan biblioteket ved instituttet vil gå inn i høgskulen si generelle bibliotekteneste. Begge vil vere verdfulle for kvarandre fordi dei blir ulike og av den grunn utfyller kvarandre.

I Ivar Aasen-tunet vil arbeidet med innsamling, katalogføring og å gjere samlingar tilgjengelege ha stor eigenverdi, *der ikkje minst vernet og sikringa av samlingane for framtida i seg sjølv må sjåast som svært viktig*. Instituttet vil naturlegvis bli ein viktig brukar av desse samlingane. Instituttet vil likevel sjølv ikkje kunne ha kapasitet til å gjere det arbeidet med samlingar og arkiv som ligg til dokumentasjonssenteret i Ivar Aasen-tunet. Ein eigen digitaliseringsverkstad skal også gjere det mogleg for brukarar å nytte desse samlingane uansett geografisk avstand. Det er god grunn til å rekne med at vidaregåande skular vil bli ein hovudbrukar av tenester i eit slikt tilbod. Innan tre år reknar ein i dag med at dei fleste vidaregåande skular i Noreg vil vere knytte til Internett. Folkebiblioteka vil kome til snart etterpå. Dette gjer at det utan tvil er *eit rett tiltak nå å satse aktivt på ei tilrettelegging av kjelder og materiale frå den nynorske skriftkulturen for digitalisert formidling*. Det vil vere ei ulykke om den nye informasjonsteknologien berre skulle kome det angloamerikanske kulturinnhaldet til del. Ein innsats på feltet med publikasjonsformer mellom anna på CD-rom bør finne viktige partnerar for samarbeid i forlag, media og i kultursektoren elles.

Dei einskilde delane av verksemda i det nye nasjonale kulturbygget står i klar samanheng med kvarandre, og utgjer ein heilskap som

samanlagt vil vere langt meir enn berre ein-skildfunksjonane. Museumsdelen og samlingane vil inngå i ein kraftfull formidlingsinstitusjon der nåtida med formulering av kulturelle perspektiv også for framtida, vil ha stor plass. Ein kan her bygge opp både dei fysiske rammene, innhaldet og den faglege samansettinga av personalet frå grunnen av. Samsundnes med at ein kan legge dei mest avanserte teknologiske hjelpemidla til grunn, gjer dette at Ivar Aasen-tunet vil få ein institusjon med eit framifrå utgangspunkt for å løyse oppgåver innanfor det nasjonale heilskapsperspektivet, slik målsettinga er.

(Frå *Nasjonalt kulturbygg – Ivar Aasen-tunet*. Revidert plandokument 1995)

DOKUMENTASJONSSENTER (1996)

Sidan arbeidet med det nye bygget i Ivar Aasen-tunet tok til i 1990, har det heile tida vore ein føresetnad at eit dokumentasjonssenter skal ha ein hovudfunksjon i å bygge opp og formidle det faglege grunnlaget for institusjonen. Oppgåvene for dokumentasjonssenteret er knytte til to hovudproblem:

- 1) å sørge for at viktig dokumentasjon blir tatt vare på og bevart for framtida, og
- 2) å sørge for at viktig dokumentasjon blir aktivisert og teken inn i kulturskapande verksemd.

Viktige delar av samlingane er alt på plass i Volda/Ørsta og ventar på plass i det nye bygget. Dette gjeld dei omfattande boksamlingane etter Ivar Aasen og Aasen-forskaren Reidar Djupedal. Dette blir grunnstammen. Vidare vil samlingane romme 1) ulike typar originalmateriale i papirform, 2) katalogar, samandrag, register og kopiar av materiale i andre institusjonar, 3) gjenstandssamlingar, 4) samlingar av nye media som film, bilete,

lyd og digitalt databasert materiale, 5) eit bruksbibliotek med nasjonal og internasjonal litteratur innanfor skriftkultur.

Både bevaringa av samlingane for framtida og arbeidet med dei treng plass. Derfor er det nå viktig å konkretisere kva areal ulike funksjonar krev i det nye bygget. Ei viktig side ved dette er å få fram kor viktig arbeidstilhøva for tilsette, gjesteforskarar og stipendiatar vil vere om ein skal lukkast i å nå standardane for eit statleg ansvarsmuseum (NOU 1996:7). Det er også ganske klart at det må vere gode arbeidsplassar for fleire personar enn dei som er fast tilsett.

Å bygge opp ein ny nasjonal institusjon frå botnen av gjer det også mogleg å nytte dei aller nyaste og rasjonelle hjelpemidla til digitalisering og informasjonsteknologi. Dette er viktig som langsiktig bevaringsteknologi til dømes for lyd og bilete. Nettverkstilkoplingar gjer også materiale tilgjengeleg for brukarar utanfrå. Det er derfor grunn til å tru at talet på brukarar av tenester over Internett vil bli større enn talet på dei som bruker tenester på staden.

Det er lagt stor vekt på å planlegge for dynamiske løysingar der dokumentasjonssenteret ikkje skal framstå som ein skild og lukka del i det nye bygget. Mellom anna ved integrering av informasjonspunkt basert på data-teknologi vil ein få til eit nært samspel mellom dokumentasjonssenteret og utstillingane.

Strategiske utgangspunkt

Trass i at Ivar Aasen-senteret med Ivar Aasen-instituttet og Ivar Aasen-tunet er ei stor satsing, vil det framleis vere slik at størstedelen av innsatsen skal skje i institusjonar og aktivitetar som alt er etablerte og med solide faglege og praktiske føresetnader. Derimot må situasjonen kunne sjåast slik at viss ikkje no-

kon passar på og tek initiativ og formidlar materiale og kunnskap *mellom* desse ulike institusjonane, organisasjonane og tiltaka, vil den nynorske tradisjonen og synleggjeringa av han vere tapande i ein situasjon der det nynorske står veikare enn andre meir dominerande skriftkulturar.

Det er i denne situasjonen dokumentasjonsdelen blir så viktig. Funksjonen skal ikkje vere å ta over oppgåver andre i dag har eit ansvar for å løyse, men å styrke arbeid og aktivitetar som er der, ikkje minst ved å bygge opp oversyn over kva som faktisk finst av materiale og verksemd, og ved å gjere mest mogleg ut av potensialet i denne verksemda. Dokumentasjonssenteret vil få ei hovudoppgåve i å samle inn, gjere tilgjengeleg og formidle eit slikt oversyn. Dette arbeidet inneber også at ein bygger opp nye *nettverk* der materiale, kunnskap og idear frå mange aktørar vil finne plass.

Store delar av dokumentasjonen og formidlinga knytt til ei slik nasjonal nettverksbygging vil skje gjennom elektroniske medium. Berre på dei vel tre åra som er gått frå 1992 da forprosjektrapporten presenterte ideane om ein digitaliseringsverkstad, har det skjedd mykje på dette feltet. Ikkje minst *Internett* framstår som ein ny type kommunikasjonsmedium med kapasitet til å formidle store tekst- og datamengder. Stoffet er lett tilgjengeleg for brukarar gjennom kraftige søkeverktøy, det opphevar geografiske avstandar, er kostnadseffektivt, lett å bruke og kan gi kommunikasjon både til og frå brukarane. Dette er opplagde fordelar fordi ein skal arbeide med og formidle materiale og tema som er fagleg viktige, men ikkje har kommersielt publiseringspotensiale.

Ei anna side ved denne utviklinga er sjølv sagt at denne teknologien utviklar ein eigen

62 dynamikk der *den digitale røyndomen* veks fram utan at einskildpersonar eller grupperingar kan stoppe det. Vi er derfor i eit tidskifte som om 20–30 år truleg vil framstå som langt meir grunnleggande enn vi kan hende trur nå. For den nynorske skriftkulturen og tradisjonen vil det å ikkje gå inn i det ”digitale rommet” derfor vere det same som å stenge seg ute frå framtida.

Trykketeknologien representerte i si tid eit liknande omskifte som ikkje berre endra måten kunnskap vart etablert og formidla på, men også endra både samfunnet og liva til einskildmenneska. Sambandet mellom trykkeriet på Ekset i Volda – det første trykkeriet i Noreg utanom byane – og Ivar Aasen sine idear om eit språk for folket, er her klare. Når folket sjølv nå skulle ta del i dei demokratiske prosessane i det nye Noreg, var det grunnleggande for Aasen at folk måtte få stå fram i det offentlige rommet slik trykketeknologien gjorde det mogleg, med sitt eige språk.

Når det ”digitale rommet” i framtida vil bli ein viktig del av det offentlige rommet, er Ivar Aasen sin logikk frå 1830-talet like aktuell på nytt. Det er vanskeleg å sjå korleis dette *ikkje* må bli eit viktig utgangspunkt for Ivar Aasen-senteret og at dokumentasjonssenteret blir den *operative* eininga som skal omsetje eit slikt perspektiv til praktiske handlingar.

Ivar Aasen-senteret som statleg ansvarsmuseum

Ein kan sjå innhaldet i dokumentasjonssenteret som ein grunnkapital som all annan aktivitet vil måtte bygge på. Det er viktig å legge merke til den nyss utkomne offentlege utgreiinga *NOU 1996:7 Museum. Mangfald, minne, møtestad* der Ivar Aasen-senteret er tatt inn som ny institusjon i ei lita gruppe museum heilt finansiert av staten. Eit viktig spør-

mål er kva som vil ligge i nemninga *nasjonale institusjonar* (NOU 1996:7, s. 133–34):

Nemninga ”nasjonale institusjonar” bør presiserast på ein måte som betre dekkjer dei funksjonane desse musea bør og kan ha. Museumsutvalet vil gjera framlegg om å bruka omgrepet ”statlege ansvarsmuseum”. Det signaliserer at dei aktuelle institusjonane skal ha eller kunna utvikla museumsfagleg kompetanse som gjer at dei kan ha eit særskilt ansvar for utviklingsarbeid, råd og rettleiing innanfor definerte felt. Kompetansen skal vera knytt til tematiske og/eller metodiske område. Institusjonane skal danne eit nettverk av statlege ansvarsmuseum og spela ei viktig rolle i den statlege museums politikken. Det vil også vera naturleg at institusjonane har eit ansvar som norske kontaktpunkt i internasjonal samanheng. Ein viktig funksjon vil vera rådgiving for andre museum.

Museumsutvalet peikar også på døme på ansvarsområde for statlege ansvarsmuseum:

- samordningsansvar og rådgiving innanfor tematiske område
- samordningsfunksjonar for standardar ved bruk av informasjonsteknologi
- ansvar for sentralregisterfunksjonar på tematiske område
- utvikling av spisskompetanse når det gjeld dokumentasjonsmetodar.

Ein peikar på at Kulturdepartementet har driftsansvar for tre institusjonar med tilknytting til litteratur og språk: *Aulestad og Bjørgan prestegard* (Bjørnstjerne Bjørnson), *Ibsenmuseet* i Oslo og *Ivar Aasen-senteret* i Ørsta. Ein ser for seg eit nettverkssamarbeid mellom desse for å utvikle museumsfaglege perspektiv på litteratur og språk i ein kulturhistorisk samanheng.

Arbeidet med å formulere ein nasjonal statleg museums politik har skjedd dei siste åra, parallelt med arbeidet med utforminga av Ivar

Aasen-senteret. Når signala i den nasjonale museumspolitikken nå er tydelege gjennom NOU-en, er det viktig at ein i gjennomføringa av prosjektet i Ivar Aasen-tunet kan vektlegge dei krav som blir stilte til nasjonale institusjonar.

NOU 1996:7 har registrert 700 museum og samlingar i Noreg. Det eksisterande Ivar Aasen-museet er eitt av desse, og eit av dei med minst budsjett, personale, lokale osv. Det nye bygget som skal stå ferdig i 1998, og den nye institusjonen med personale og store faglege ressursar, vil innebere eit ”stort opprykk” til statleg ansvarsmuseum. NOU-en reknar opp ei ”eksklusiv” liste på 22 slike institusjonar. Ivar Aasen-senteret er ein av desse.

Oppgåver som desse institusjonane må konkretisere i sine langtidsplanar, er spesifiserte (NOU 1996:7, s. 134):

- kva spisskompetanse institusjonen har eller skal utvikla som statleg ansvarsmuseum
- innsamlings- og forskingsprosjekt
- formidlingstiltak som tek sikte på å nå vidare ut i landet
- konkrete tiltak for å betra dokumentasjonsstandard for samlingane og nivået på førebyggjande konservering
- tiltak for intern personal- og kompetanseutvikling
- samarbeid med andre ansvarsmuseum og Norsk museumsutvikling
- rådgjevingsfunksjonar for andre museum.

Gjennom arbeidet over seks år med realiseringa av Ivar Aasen-senteret har det til ulike tidspunkt vore lagt vekt på ulike sider ved prosjektet. Ulike interessentar i prosjektet legg også ut frå sin ståstad størst vekt på ulike ting. I den endelege realiseringa er det nå klart at staten går inn med tyngd både i finansiering av bygg og innhald, men ikkje minst med eit langsiktig perspektiv på å dekke driftskostna-

der og med forventningar til dei nasjonale museumsfaglege oppgåvene Ivar Aasen-senteret skal løyse.

Når ein skal plassere dokumentasjonssenteret innanfor heilskapen i Ivar Aasen-tunet, er det viktig å ha klart for seg kva dei nasjonale oppgåvene for dei statlege ansvarsmusea er meint å vere. Det er også viktig å sjå kva som skil prosjektet i Ivar Aasen-tunet frå mange andre prosjekt i seinare tid som er bygde opp som vellukka besøksattraksjonar, men som ikkje skal ha slike langsiktige nasjonale faglege oppgåver. Ein må også merke seg at prosjektet som blir realisert i Ivar Aasen-tunet, er *eit nasjonalt museumsprosjekt*, som i framtida skal finansierast som museum saman med andre nasjonale museum. Dette inneber sjølvsagt ikkje at kulturaktivitetar innanfor alle tenkelege felt ikkje skal få sin plass i verksemda, dei skal sjølvsagt det – ikkje minst i samband med Dei Nynorske Festspele. Men det inneber at dei museale grunnfunksjonane knytte til vern av samlingar og dokumentasjon må ha ein viktig plass, og ein plass som samsvarar med oppgåvene ved det å vere statleg ansvarsmuseum. Dette skal speglast i sjølve museumsbygget, i samansettinga av personalet og i planlegginga av institusjonen si verksemd på kort og lang sikt.

Ei viktig målsetting må vere å finne strategiar for dokumentasjonssenteret som kan utnytte mest mogleg effektivt dei trass alt små ressursane det vil vere snakk om, sett i lys av at ein skal bygge eit fagleg grunnlag for eit statleg ansvarsmuseum heilt frå grunnen av. Figur 1 viser ein modell for korleis ein kan sjå på dokumentasjonssenteret. Mellom det som kjem *inn* og *ut* av dokumentasjonssenteret, ligg ein *operativ dimensjon*. Føresetnadene for denne ligg i 1) samlingane, 2) dei fysiske rammene, altså bygget, 3) personalressursen



Venstre halvdel i modellen viser ein statisk del: eit bygg med innhald og forma dette har. Høgre halvdel viser ein dynamisk del: personalet i ein prosess mellom samlingar og brukarar. I modellen er omgrepet relevans plassert i det hjørnet der brukarar og personale møtest.

og 4) brukarane – naturleg nok, ettersom det er for dei institusjonen finst.

Samlingane i framtida

I planlegginga av dokumentasjonssenteret kan det vere riktig å sjå dei framtidige samlingane i Ivar Aasen-tunet i fleire kategoriar:

a) *Originalmateriale i papirform.* Det eksisterer alt omfangsrike samlingar der størstedelen er lagra i reint midlertidige situasjonar og slik at materialet ikkje er tilgjengeleg for publikum. Dei to samlingane etter Ivar Aasen og Reidar Djupedal vil åleine fylle om lag halvparten av kapasiteten til bibliotek- og ar-

kivdelen innanfor dokumentasjonssenteret.

b) *Katalogar, samandrag, register, kopiar* av viktig materiale i andre institusjonar. Det er i dag eit hovudproblem at mykje materiale i arkiv, bibliotek, ved universiteta osv. ikkje kjem i bruk fordi det ikkje er tilstrekkeleg ordna og ikkje kjent for potensielle brukarar. Dokumentasjonssenteret i Ivar Aasen-tunet vil måtte sjå det som ei hovudoppgåve å bygge opp oversikter i si samling over alt relevant materiale andre stader. Grunnleggande kjeldemateriale, som handskriftsamlinga etter Ivar Aasen på Universitetsbiblioteket i Oslo, bør bli tilgjengeleg for formidling i digital form.

c) *Gjenstandssamling.* Størstedelen av gjenstandssamlinga ved ein museumsinstitusjon vil vere i magasin, ikkje på utstilling. Dei eksisterande gjenstandssamlingane er i dag ikkje store og er direkte knytte til mannen Ivar Aasen. Det er likevel grunn til å rekne med at når den nye institusjonen kjem i arbeid, vil det vere svært aktuelt å samle inn gjenstandar knytt til nynorsk skriftkultur på 1900-talet – eit hundreår som vil vere "førre hundreåret" berre eit par år etter at Ivar Aasen-senteret er opna. Klenodium frå nynorsk-litteraturen vil også bli samla inn og bevart som museumsobjekt. Eit spesielt område her er dei nynorske teikneseriane. Frå ei veksande gjenstandssamling vil det snart vere mogleg å finne aktuelle tema for spesialutstillingar. Erfaring frå museumsarbeid viser også at det ofte er slik at planlegging og gjennomføring av temautstillingar fører til at ein samlar inn gjenstandar på nye felt, og at dei etterpå bør inngå i dei framtidige samlingane.

d) *Samlingar av nye media.* Originalmateriale og kopiar av bilete og film frå hendingar knytte til nynorskulturen gjennom meir enn hundre år er ein type materiale som er viktig

å ta vare på, og som vil ha stor verdi når ein skal produsere ulike interaktive programtilbod for publikum i tilknytning til utstillingane. Det same gjeld analoge og digitale magnetband eller diskar med målføreprøver ettersom det vil vere eit hovudpoeng i framstillinga av nynorsk å få fram korleis ei lang rekke dialektar blir til eit standard skriftspråk. Overføring til digitale medium vil for svært mange typar materiale både sikre langsiktig vern og opne for auka bruk, både for brukarar i Ivar Aasen-tunet og for brukarar som når fram ved Internett-tilkopling.

e) *Bruksbibliotek*. Dette vil omfatte all tilgjengeleg referanselitteratur som dei tilsette må ha for å vere fagleg oppdaterte – tidskrift og bøker som sjølv sagt også andre brukarar i dokumentasjonssenteret vil gjere seg nytte av.

Autentisitet og kunnskap

Samlingane vil vere samansett av materiale som representerer fleire typar verdjar. Svært viktig ved originalmaterialet er *det autentiske* – det at gjenstanden/dokumentet faktisk er ekte, i det å peike mot situasjonen da den vart til, som fysisk materielt uttrykk og som vitnemål om tida gjenstanden har gjennomlevd. Vi finn her kvalitetar som gir gjenstanden *ein aura*, og som gjer at ein autentisk gjenstand kommuniserer med publikum gjennom ”kanalar” som går langt forbi dei reint kognitive sidene ved gjenstanden. Mottakaren har sansar som tek mot inntrykk på eit register som går vidare enn det som ligg i reint intellektuell erkjenning. Her skal vi berre slå fast at autentisitet er ein viktig eigenskap ved originalmaterialet i samlingane, og at det representerer viktige inngangar til kommunikasjonen med publikum.

Det autentiske materialet representerer

sjølv sagt også *kunnskapsverdjar*. Men kunnskapsinformasjonen i dokument kan bli avlesen, lagra, systematisert og formidla utan at ein har direkte tilgang til originalen. I produksjonen av ny kunnskap basert på innhaldet i dokumentasjonssenteret vil det derfor vere viktig at det kan byggast opp så breie samlingar som mogleg innanfor temaet nynorsk skriftkultur. Store delar av samlingane vil måtte bli til som kopiar i papirform, mikrofilm eller digitale media av materiale som nå er spreidd på svært mange institusjonar.

I dokumentasjonssenteret vil både autentisitet- og kunnskapsverdiane ved materialet vere viktige. Det autentiske materialet vil vere aktuelt for utstillingar i Ivar Aasen-tunet, mens det stadig veksande kunnskapsstoffet vil vere ei fagleg rygggrad i institusjonen si løysing av dei nasjonale oppgåvene som statleg ansvarsmuseum.

Brukarar

Brukarane av Ivar Aasen-senteret fell umiddelbart i to grupper: 1) dei som vil vere fysisk til stades i Ivar Aasen-tunet, og 2) dei som ikkje er det. Medan andre tilbod som utstillingar, arrangement osv. berre kan nyttast av dei som kjem til Hovdebygda, vil tenestene til dokumentasjonssenteret nyttast over heile landet, gjennom Internett i praksis over heile verda.

Brukarar som *nyttar dokumentasjonssenteret på staden*, vil vere

- alle tilsette ved Ivar Aasen-tunet. For dei vil dokumentasjonssenteret vere ein naudsynt reiskap i alt fagleg arbeid,
- forskarar og studentar ved Ivar Aasen-instituttet og Høgskulen i Volda,
- publikum som vitjar Ivar Aasen-tunet. Denne gruppa vil naturleg nok vere svært samansett, ettersom

somme vil vere der meir som "slentrande turistar", medan andre vil kome med heilt spesifikke faglege problemstillingar,

- deltakarar på særskilt inviterte faglege seminar. Dette kan bli ei viktig målgruppe sidan det er mange som alltid vil trenge faglege oppdatering innanfor temaet nynorsk skriftkultur

- lærarar på mange nivå, offentleg tilsette, folk i media osb. Ved kombinasjon av tilbod i faglege seminar og vidare elektronisk tilknytning kan tilbodet frå dokumentasjonssenteret få ei stor gruppe "faste" kontaktar utover landet.

Brukarar som i hovudsak vil *nytte tenester utanfrå*, vil vere

- forskarar og studentar ved alle universitet og høgskular som har språk som emne,

- bibliotek og arkiv etter kvart som desse får tilgang til Internett, noko som vel i praksis har skjedd når dokumentasjonssenteret opnar,

- lærarar og elevar i både grunnskule og vidaregåande skule. Ein kan tenke seg konkret samarbeid med forlaga som utarbeider læremiddel, slik at interaktiv oppkopling mot dokumentasjon i Ivar Aasen-tunet kan vere innarbeidd i læremidla,

- kulturarbeidarar i vidaste meining, innanfor teater, film, litteratur, språk, media, vil vere viktige brukarar,

- einskildpersonar som berre "sleng innom" vil ein finne som "turistar" på Internett på same vis som dei som kjem til Hovdebygda med bil.

Det er grunn til å legge vekt på at brukarane vil representere stor spennvidd. Særleg i utbygginga av det digitale tilbodet må ein ta omsyn til dette i oppbygging av menyar, strukturering av materiale osb. Samstundes er det klart at det ikkje er "fancy" utsjånad, men at tilbodet har breidd og omfang som svarar til oppgåva Ivar Aasen-senteret skal ha som nasjonal faginstusjon, som er viktigast. Dette

dreiar seg også om siste punktet i modellen (jf. figur 1) spørsmålet om relevans.

Relevans

Svært ofte i kulturinstitusjonar vil ein ikkje finne problematisert spørsmålet om relevans. Det ein driv med, er på ein måte sjølvsgt, arbeidet har som regel pågått gjennom fleire tiår, det er langsiktig til dømes med oppbevaring og vern av samlingar for "all framtid". Ofte er ting gått inn i eit spor som ikkje nokon einskildperson lenger kan rokke ved. I figur 1 har vi likevel sett omgrepet *relevans* inn saman med omgrepet *prosess* i den høgre og dynamiske delen av modellen. Med dette vil ein peike på det brutale faktum at sjølv om ein i dokumentasjons- og formidlingsarbeid har dei beste intensjonar, vil det innanfor eit tidsperspektiv på tre–fem år vere ganske avgrensa kva ein kan få gjort. Dette gjer at det må skje ei ganske hard prioritering av kva ein skal gjere og kva ein ikkje skal gjere.

Å finne gode former for prosessane fram til avgjerd i spørsmåla om kva som er dei viktigaste spørsmåla og oppgåvene for Ivar Aasen-senteret til ulike tider, vil derfor vere naudsynt. Kontakt med brukarane blir viktig, ikkje minst for arbeidet i dokumentasjonssenteret, der potensialet for aktiv bruk av tenestene er svært stort.

Ein må også sjå spørsmålet om relevans som eit nøkkelspørsmål i den vidare langsiktige utviklinga av institusjonen. Ved å bli statleg ansvarsmuseum frå starten vil verksemda alt frå fyrste dag ha eit betre grunnlag enn dei fleste kulturinstitusjonar ein kan samanlikne med. Men når det gjeld kva plass institusjonen skal ha om 10, 20 eller 30 år, vil det vere avgjerande om ein har greidd å løyse viktige oppgåver, og plassert seg sentralt i det norske kulturbiletet. Ei slik plassering dreiar seg da

ikkje berre om besøkstal, men om å ha gitt nynorsk skriftkultur posisjon og fornying. Mindre ambisjonar kan ein ikkje ha.

(Frå *Dokumentasjonssenter – Ivar Aasen-tunet*. Bøverbbru/Sogndal 16.8.1996)

EIT MUSEUM MED FLEIRE TIDBOLKAR (1997)

Første tidbolck 1896–1946

Museet i Ivar Aasen-tunet er eit av ganske få norske museum som er etablert på 1800-talet.⁴ Når det kunne skje, stod det sjølvstøtt i nær samanheng med posisjonen Ivar Aasen hadde i nasjonens kulturelle sjølvbilette. Han var både diktar og hadde gjort eit stort språkvitenskapleg arbeid, han var i om lag 50 år til stades i hovudstaden, og friviljug eller ufriviljug ein del av den tids kjendis-jetset.

Etter at Ivar Aasen døydde i Kristiania på hybelen i Holbergs gate 23. september 1896, var det arvingane som tok initiativ til å etablere ei samling:

Underskrivne ervingar etter Ivar Aasen er samde um at bøkene og anna bohavet etter han ikkje skal seljast eller bytast men verta flutt heim til fødestaden hans Aasen og der verte gøymt til minne um fagnamannen som der var fødd.

Slik vart avtalen mellom arvingane skriven inn som ein del av skiftebrevet. Det vart også avtala at alle handskrivne oppteikningar og manuskript skulle overførast til Universitetet i Oslo, der dette materialet på om lag 6000 nummer i dag inngår i Universitetsbibliotekets handskriftsamling [no Nasjonalbiblioteket].

Samlinga kom til Åsen i fleire sendingar hausten og vinteren 1896–97, og inneheldt alle dei 2400 bøkene og om lag 300 store og små gjenstandar. Dampbåten "Orion" hadde

t.d. med ei sending frå Kristiania 5. desember 1896 til kaia på Ekset i Volda. Derfrå kunne Jon Aasen, bonden i Åsen, ta det heile heim til garden.

Jon Aasen var soneson til Jon, bror til Ivar Aasen. Det vart fort klart for han at samlinga var større enn han hadde tenkt seg. Utanom seng og sengeklede var der da verkeleg alt som Ivar Aasen hadde tatt vare på: frå det flotte skrivebordet han fekk frå Folkeopplysnings-selskapet i 1856 (IAAM 156) til ein simpel blekkboks med tobakk og ein sigarstump (IAAM 111). Alle bøkene måtte sjølvstøtt ha plass, på same vis som dei hadde fylt opp dei små romma Ivar Aasen hadde i Kristiania. Jon Aasen vende seg derfor til Maurits Aarflot, Sivert Nossen og Anders Vassbotn for å få råd om kva han skulle gjere, og løysinga vart at Jon Aasen kjøpte ei gamal røykstove på Heltne i Volda som vart flytta til Åsen for å vere museumsbygning.

Me var frå fyrst av merksame på at samlingane burde vere i eldfast hus, men rådi den gong strakk ikkje til. Synet på Ivar Aasens geniale arbeid var eit umstridt spørsmål, so me torde ikkje vende oss til det offentlege om studnad.

Slik skreiv Jon Aasen om lag 40 år etterpå om korleis dei gjekk fram. Medan museet kom på plass i 1897, skjedde den fyrste store markeringa i Aasen-tunet av Ivar Aasen etter han døydde, på jonsokdagen 24. juni 1898. Da vart bautasteinen i tunet avduka. Det var sambygdingen Anders Hovden som stod for avdukinga, og på steinen stod det innhogt:

Ivar Aasen

1813–1896.

Fram daa frendar

i fredlege kappstig.

Røyst av Norigs ungdom

68 Det er ingen tvil om at Aasen-tunet no var etablert som opphavsstad og kultstad for nynorsken. Dette har da også vore markert med stemne og tilskipingar i meir enn hundre år.

Samlinga kom til å vere 50 år i Heltne-stova, bygningen vi i dag kallar Gamlemuseet. Både boksamlinga og gjenstandane hadde ut frå det vi kan sjå i dag, gode oppbevaringstilhøve. Vi veit at ein gjenstand vart borte i denne perioden. Det var brillene til Ivar Aasen, som altså vart stolne.

Andre tidbolck 1946–1996

Det som derimot var for dårleg i Gamlemuseet, var branntryggleiken. Jon Aasen tok opp dette, og han fann at denne oppgåva var så stor at no måtte det offentlege kome inn. Han vende seg først til Ørsta kommune i 1938:

Etter gode menns råd må det offentlege ta seg av denne sak å få upp eldfast hus. I dette høve torer eg be det vyrde Ørsta heradstyre gjera upptaket til å fremja denne sak og med det same bjoda det offentlege minst kr. 1000,00 i tilskot. Utan at Ørsta syner vilje til varning er det liti von at det offentlege gjer noko.

Jon Aasen hadde i 1937 fått arkitekt Asbjørn Barstad til å utarbeide teikning til det eldfaste museumsbygget, som da var kalkulert til kr. 6500,00. Ein hadde også etablert kontakt med Sunnmøre Museum, det nye folkemuseet for Sunnmøre som ungdomslaga i distriktet hadde skipa i 1931. Sunnmøre Museum ville ta mot samlinga. Familien i Åsen såg seg likevel bundne av avtalen frå 1896, som sa at samlinga ikkje skulle flyttast frå garden.

I 1941 vart det sett opp ein kontrakt mellom Aasen-familien, Ørsta kommune og Sunnmøre Museum om korleis museet skulle vere organisert i framtida. Eigaren av Åsen-garden gav også utan kostnad for museet ei tomt på 3 dekar til nytt museumsbygg og

stemneplass. I kontrakten er rolla til Sunnmøre Museum definert slik:

Samlingane skal sjåast igjennom og katalogiserast. Det kan ikkje flyttast frå Åsen i Ørsta. Til huset med samlingane er skøytt 3 mål jord, som er fråsteina etter skyldskifte av 17-7-1941. Til dette jordstykket høyrer lagleg og lett tilkomeleg køyreveg. Aasen-samlinga gjeng elles over til Sunnmøre Museum, som vøler og stiller den som dei andre samlingane sine. Museet må osso syta for at det vert lagleg og lett høve for alle som ynskjer det, å få sjå samlinga, og det so billeg som mogleg.

I organiseringa hadde ein eit førebilete i løysinga som var etablert mellom Bjørnstjerne Bjørnsons Aulestad og Maihaugen. Kontrakten mellom Aasen-familien, Sunnmøre Museum og Ørsta kommune gav også retningsliner for drifta av museet:

Til å hjelpe styret [ved Sunnmøre Museum] med tilsynet av samlinga vert skipa ei nemnd på 4 mann. Departementet vel ein, Ørsta kommune ein, og museet vel ein. Det fjerde medlem vert til kvar tid eigaren av Åsen, so lenge Ivar Aasen-ætta sit på garden. Elles skal denne nemnda hjelpe til med stemnor i Åsen, koma med framlegg om omskipingar og vølingar av samlingane, og elles tena og hjelpe fram fyremålet med samlinga på beste måten.

Krigen gjorde at byggesaka drog ut. I 1946 var likevel det eldfaste nybygget på plass, og 4. august same året kunne Olav Midttun opne det nye museet. I kontrakten kunne ein lese at ei nemnd på 4 mann skulle ha tilsynet med museet – i røynda vart det kvinnene i Åsen-garden som nok har teke største delen av dette arbeidet, først Birte Aasen (1873–1962) – kona til Jon Aasen, og seinare Sigfrid Aasen (1901–1992) – kona til Ivar Jonson Aasen.

Jon Aasen døydde i 1954, og det var først frå 1956 at styret for Aasen-museet kom på

plass. Som styreleiar nemnde departementet opp kunstmålar Karl Straume. Han sat til 1967 og vart avløyst av Jens Kåre Engeset, som har vore styreleiar sidan. I 1976 kom fylkeskommunen inn i museumsstyret, i og med etablering av ny tilskotsordning.

I det nye museumsbygget fekk samlingane eldfaste rom, og det vart innreidd studieplasar. Gradvis kom også montrar og bokskap på plass, slik at tryggleiken vart betre. I 1977 gjorde Sunnmøre Museum registrering av gjenstandssamlinga (225 nummer), og alle gjenstandane vart merka. Samlingane har gradvis også vorte auka med ulike dokumentasjon knytt til Ivar Aasen og hans verk. Museet har ikkje hatt fast personale, og mykje arbeid har falle på styret. Tilsynet med museet, vedlikehald av uteområde og omvising av publikum har i stor grad vore gjort av folka på Åsen-garden. Dei seinare åra har det vore Jorunn Aasen, mor til Ivar J. Aasen, som er nåverande eigar av garden.

Kva er det så vi finn i Aasen-tunet?

Vi finn ikkje "ein gamal gard", slik garden var da Ivar Aasen voks opp her frå 1813 og utetter. Åsen er i dag ein moderne driven vestlandsgard med bygningar frå den siste generasjonen.

Det er altså ikkje ein etnologisk eller kulturhistorisk innfallsvinkel som gir argumenta for det musealt verdfulle i Aasen-tunet – altså det som skjedde medan Ivar Aasen sjølv var her. I staden må ein sjå heile staden som lada med musealitet – ein kultstad skapt av verdsettinga av Ivar Aasen, frå det første utestemnet vart halde her 5. august 1893 på 80-årsdagen hans. Tuntret, Storebjørka, bautasteinen, museumsbygningane og stemneplassen er alt saman element i ei symbolverd knytt til Ivar Aasen og det prosjektet han skapte med det nynorske skriftspråket.

Eit tilbod til publikum

– tunet som berar av meining

Største delen av publikum vil kome i sommarhalvåret. Derfor vil tilbodet utandørs også vere ein viktig del av opplevinga.

Aasen-tunet vil vere ein attraksjon for publikum. Det vil gjere landskapet til ein del av fortellinga. Det gjev karakter til staden – bind saman ein lang kulturtradisjon med det nye som kjem. Ettersom det ikkje er mykje att frå tida då Ivar Aasen voks opp her, er det sjølve landskapet som mest av alt skaper ein bindelekk bakover. *Steinane* er det som ligg mest fast – i beitelandskapet nedanfor husa ligg dei ruvande og ikkje til å rokke. I den gamle bygdevegen, som nå kan bli gangsti, er dei mindre og ligg i ein meir ordna mur.

Tilbodet i det nye museumsbygget vil for ein stor del vere fast – berre 12–15 prosent av utstillingsarealet vil kunne nyttast til skiftande utstillingar. I bygningane på tunet vil ein få areal som kan nyttast til spesielle prosjekt, til dømes i samband med Dei Nynorske Festspela.

Ein kan tenke seg *lokale for aktivitetar spesielt retta inn mot born*. Buda (drengeštova) kan gje fine løysingar her. Bygningen er ein viktig del av tunet, samstundes er ikkje innreiinga så gamal at ho har antikvarisk verdi.

Det er naturleg å velje eit av dei gamle museumsbygga som stad for ei *temautstilling om Aasen-tunet* – om kva som har skjedd i tunet frå 80-årsdagen til Ivar Aasen i 1893 og fram til nå. Ei slik utstilling vil vere viktig for å gje publikum ei forståing av kvifor Aasen-tunet er blitt ein slik kultstad. På mange vis kan det vere naturleg å vise ei slik utstilling i gamlemuseet; stova ligg tett inntil bautasteinen frå 1898.

Museumsbygningen frå 1946 vil til dømes



Ivar Aasen-tunet. Nybygget er teikna av arkitekt Sverre Fehn. Oversynsbilete. Merk Ivar Aasens eigen signatur på den skrå vegg! Foto: Nynorsk kultursentrum.

under festspela ha funksjonar saman med amfiet som ligg rett imot. Relieffet av Ivar Aasen i gavlveggen, utforma av kunstnaren Augusta Døvle-Berg, er viktig, og bygningen framstår i røynda som eit monument i seg sjølv.⁵ Innvendig verkar huset no mindre enn det faktisk er, då glasmontrane for Aasen-samlinga tek mykje av plassen. Ein aktuell bruk vil vere *gallerifunksjonar*. Det vil innebere få endringar i huset. Ein vil få tre rom – to små og eit større – med fin karakter. Det opne taket gir særskilt lyse og luftige utstillingsrom, endå om areala ikkje er store. Då bygningen er eldfast, vil ein her kunne ha alle typar utstillingar; for å få innlån frå andre museum er brannsikting viktig.

I Aasen-tunet vil det i framtida vere avgjerande å ha desse areala for skiftande aktivitetar. For det faglege personalet vil det vere svært

lite tenleg om ”heile budskapet” er formulert og gjort i stand alt ved opninga av den nye institusjonen. Opninga representerer ikkje avslutninga på utforminga av kva innhaldet i Aasen-tunet skal vere, men starten på ein lang prosess framover, der eit breitt samansett fagleg team skal arbeide med både tradisjonar og nyskaping innanfor nynorsk-kulturen.

(Frå *Ivar Aasen-tunet. Heilskap, historikk, bygningar og kulturlandskap*. Bøverbru 19/9.1997)

GAMLETUNET I IVAR AASEN-TUNET (1999)

Med bygginga av det nye nasjonale kulturbygget i Ivar Aasen-tunet blir mange av funksjonane som til nå har vore i det gamle tunet, flytta. Samstundes blir viktige funksjonar i gamletunet bygt vidare ut. Det er god grunn



Inngangspartiet på nybygget. Foto: Nynorsk kultursentrum.

til å legge vekt på korleis det gamle tunet skal fungere saman med det nye.

Staden der gamlestova stod i tunet

Dei ulike elementa i Aasen-tunet høyrer til ulike fasar i historia som skal bli fortald. Staburet er frå det gamle tunet – og eit hus Ivar Aasen sjølv nok har vore inni mange gonger. Like nedanfor står Storebjørka som Ivar Aasen sjølv skildra i diktet ”Gamle grendi”; treet er truleg 200 år gammalt. Den gamle stovebygningen på garden, der Ivar Aasen var fødd, er diverre blitt riven og flytta vekk. Ein veit framleis nøyaktig kvar huset stod. Leiar for Ivar Aasen-museet, Jens Kåre Engeset, fekk teke vare på nokre av stokkane frå dette huset da det som var att av det, for nokre år sidan vart rive på nytt. Det vil vere ei fin markering om det frå desse stokkane kunne bli sett opp

eit lite hjørne med tre-fire stokkar, tydeleggjort med eit lite tak over til vern. Ettersom staden ligg akkurat i eigedomsgrensa, må det gjerast særskild avtale om dette med Åsen-garden.

Steinhuset – det ”nye” museet

Dette bygget er det enklaste å ta stilling til i den nye situasjonen. Bygget er bygt som utstillingsbygg – det er solid, branntrygt og godt skikka til utstillingar. Bygget er på vel 86 m², inndelt i tre rom. Romma vil verke større når samlingane som nå er der, vert flytta ut. Ved å gi rom for skiftande utstillingar vil bygget vere med og auke publikumstilbodet i tunet. Det kan til dømes vere kunstutstillingar i samband med festspela, og det kan vere andre typar utstillingar. Ved å legge inn eit moderne, fleksibelt lysskinnesystem, kan ein ta inn

72 og vise alle typar utstillingar. Plassen vil vere det som set grensene i bygget. Ved visse høve kan det vere aktuelt å nytte bygget til andre aktivitetar, og i det inste rommet er det "sceneutgang" mot amifet. Med unntak av det som må til av nytt lys- og el-anlegg, er bygget i god teknisk stand når det gjeld tak, dører, vindauga, golv, vegger.

"Gamle"-museet

Ved synfaring 28. juli 1999 var vi for fyrste gong inne i Gamlemuseet sidan planlegginga av Ivar Aasen-tunet tok til. Bygningen kom ut av aktiv bruk da det "nye" museet tok over i 1946, og har sidan vore brukt som lager. Ei interessant oppdaging vart gjort: På innsida av veggpanelen i svalgangen har besøkande frå 1897 og framover til 1946 i hundretal skrive namna sine. Dette er vorte ei historisk minnebok frå dei fyrste femti åra av museumshistoria i Aasen-tunet. Det passar inn i planane som alt har vore lagt om å nytte bygningen til fortellinga om Ivar Aasen-tunet som kultstad. Plasseringa tett inntil bautasteinen frå 1898 inviterer også til dette. Inni bygningen kan det vere ei stor forstørring av biletet frå bauta-avdukinga. Ein kan sjå for seg at dei gamle, men nå tomme bokhyllene kan få ein ny type innhald ved å sette til visse effektar (til dømes bakprojiserte bilete frå boksidar til bøkene som ein gong var der). Vidare vil det vere riktig å fortelle om Jon Aasen, som saman med familien skapte museet. I svalgangen kan det vere lagt ut ein stor protokoll der gjester kan skrive inn namna sine – som eit framhald av innskriftene frå fyrste del av hundreåret.

Stabburet

Heller ikkje her hadde vi vore inne før. Det viste seg at det låg ei stor overrasking i huset,

i og med at det her har vore samla eit "museum" med alle typar gamle ting frå Åsen-garden. Alt frå tust til ølbollar og snekkarreiskapar. Mykje av tinga er verdfulle antikvitetar. Tinga tilhøyrer eigaren av garden. I samtale fortalde Ivar J. Aasen at han og familien gjerne såg at desse tinga gjekk inn i eit publikumstilbod, og at ein kunne gjere ein avtale om deponering til museet. For publikum vil staburet derfor stå fram som eit gardsmuseum, med store ting rett innanfor døra – som tønner, spiss-sleder, ymse gardsreiskapar. I rommet innanfor står så alle dei mindre tinga, men med ei avsperring slik at publikum ikkje kan gå inn; da ville lett noko bli stole. Det synest rett å la tinga stå om lag slik vi finn huset i dag – ikkje i nokon ordna systematikk, berre gamle ting som har vore lenge på garden. Slik kan ein finne små gardsmuseum mange stader i Noreg, også i Aasen-tunet.

Smia

Denne bygningen var lenge i faresona, men står nå flott og fin med nytt tak. Smia er ikkje særskilt gamal. Likevel er bygningen eit miljøinnslag og representerer noko av det typiske frå det gamle bondesamfunnet: Ein skulle vere sjølvhjelpet og på same tid vere kunnig i mange fag. I tunet skal smia romme det gamle smieutstyret som har høyrte til der, og ved visse høve kan det kanskje vere mogleg å få til å smi der.

Buda (drengeštova)

Denne vart bygd som husrom for tenestefolk under siste verdskrigen og er i to etasjar. Den to etasjes bygningen ligg nå utanfor grensene for institusjonen Ivar Aasen-tunet og høyrer garden til. Samstundes ligg huset visuelt sett tett inn i tunet, og sjølv om bygningen er berre om lag femti år gamal, er utforminga slik at

huset passar godt inn i gamletunet. I samtale seier eigaren Ivar J. Aasen at han kan vere open for å leige ut delar av huset til aktivitetar i samband med museet. I underetasjen er det bryggerhus, og det vil ein framleis trenge til garden. Dei andre romma kunne då leigast ut til museet.

(Frå *Gamletunet i Ivar Aasen-tunet*. Dokumentasjon frå tunet. Böverbru 28.7.1999)

BASISUTSTILLING (2000)

I ei utstilling om Ivar Aasen og det nynorske skriftspråket blir ord og tekst spesielt viktig. Tekstane i utstillinga skal supplere berekraft og uttrykk hjå gjenstandane eller vere eit berande uttrykk i seg sjølv. Formålet med tekstane er fleire, og det fører til ulike formuttrykk både i lengd, innhald og presentasjon.

Tekstane kan vere sitat eller nyskapte. Dei tekstane kan også fungere som ornamentikk og grafiske utstillingselement, og da kopierte og forstørtra frå originale handskrifter og prent. Desse må vere bearbeidde slik at dei ikkje kan bli forveksla med dei autentiske originalane.

Titlar

Titlane er utsegner som fungerer som "overskrifter" i utstillinga, og dei vil spenne frå eitt ord til ei heil setning. Desse skal vere tydelege på strategiske stader i utstillinga. Innhaldet i titlane skal ikkje vere nøytralt. Titlane skal kunne invitere eller utfordre, alt etter som. Dette skal igjen spegle grunnleggande intensjonar med utstillinga. Gjennom titlane går utstillinga i dialog med besøkaren, hans erfaringar og forståingshorisont.

Historielinjer

Historielinjer er eit utstillingsgrep som samantfattar historia til eit emne og kva kontekst hen-

dingane står i. Det biografiske risset for Ivar Aasen er ei slik historielinje og skal vere ein introduksjon. Dette er ei lineær framstilling som startar med Aasens død til venstre. Ein slik dramaturgi viser betre at hendingane i livet hans skjedde ut frå egne val, og ikkje berre noko som var resultatet av fødsel og livsløp.

Det biografiske risset har eit flatt grafisk uttrykk og skal bli vist fram på ei 12 meter lang hylle mot vindaugsfeltet. Hylla er delt på midten av ei betongsøyle. På hylla kan det også bli montert mindre montrar for gjenstandar (som toler dagslys). På veggen til høgre for det biografiske risset er det gjenstandar frå Åsen-garden: tust og båtreisekap. På veggen til venstre for risset er herbariet hans montert.


Risset skal bli illustrert med horisontale linjer som viser dei ulike delane av livet hans og den samtida han levde i. Desse linjene blir brotne av vertikale linjer som markerer viktige rikshistoriske og internasjonale hendingar. Vertikale linjer markerer også viktige hendingar i Aasens liv, val og synlege milepelar. På ulike punkt er det illustrasjonar og gjenstandar.

Faktapanel

Faktapanela inneheld praktisk informasjon, til dømes korleis ein bruker ein datamaskin, eller informasjon knytt til ein gjenstand, illustrasjon eller eit heilt rom. Dette store spennet, frå ei nøktern brukar-rettleing til innhaldsberande element i utstillinga, gir variasjonar i utforming og storleik. Det er ikkje avgjort kva slags materiale som skal nyttast til desse panela.

Bakbelyst temainformasjon

I dei firkanta utstillingsromma har arkitekt Sverre Fehn teikna ut bakbelyste panel ved



Detaljbilete av eksteriør og interiører (ovan og till høgre). Foto: Nynorsk kultursentrum.

inngangen til kvart rom. I det siste firkantrommet er heile veggen ei glasplate som kan nyttast til bakbelyst informasjon. Denne informasjonen må skille seg frå faktapanela og bli brukt aktivt for å komplettere tema kring gjenstandar og audiovisuelle produksjonar i utstillinga. All tekst skal kompletterast med illustrasjonar av gjenstandar, eller repetert bruk av bilete frå til dømes lysbiletserie og eksempel frå fjernsynsprogram.

Panel i skinner

Langs ytterveggen skal det vere skinner med utskiftbare panel på 1 x 1 meter. Innhaldet på desse panela skal vere nokså fleksible. Dei skal kunne nyttast til tema som dukkar opp. Panela har eit eige grafisk program som skal gjere det enkelt for institusjonen å følge opp formspråket i utstillinga. For at utforminga ikkje skal bli for uroleg, vil det vere rett å sjå for seg at om lag fire av dei ti panela bør ha store bilete som dekker heile flata. Så vil det vere panel inntil med tekstar og annan informasjon. Om det passar, kan det også plasse-

rast inn einsfarga panel for å markere skifte i tema.

Skuffer

Utstillinga har fleire stader tekster i skuffer til å trekke ut. Desse skuffene inneheld informasjon for fordjuping, knytt til lysfølsomt originalmateriale som treng vern mot dagslys. Tekstane til skuffene har to plasseringar: stikkord utanpå skuffene og fordjupingstekstar nede i skuffene. Skuffene er alltid i tilknytning til ein monitor. Det er tre skuffer i høgda; den nedste vil alltid vere utforma særskilt for born.

Sitat til gjenstandane

Autentiske sitat vil vere eit viktig verkemiddel i utstillinga. Tekstane til gjenstandane vil konsekvent vere sitat. Desse sitata skal fungere som illustrasjonar saman med gjenstandane, slik at tekst og gjenstand saman skaper ei meiningsberande eining. Dette gjeld spesielt sitat frå Ivar Aasens brev og dagbøker. Desse skal bli vist direkte i avskrift, det vil seie at



76 dei vil vere på dansk, men ha ei moderne, lesbar grafisk utforming og fungere som Aasens ”stemme”. Spesielt i utstillingsdelen om Ivar Aasen er sitata viktige for å bygge opp under autentisiteten i utstillinga. Saman med gjenstandane skal korte sitat – ei til tre setningar – presenterast som små tekstskilt i montran.

Sitat kan elles også kome frå munnlege utsegner eller som utdrag frå bøker.

I utstillinga kan sitat bli brukte på fleire andre måtar enn berre som sitat til gjenstandane:

a) Sitat kan fungere som *utsegn eller tittel*.

b) Sitat skal fungere som *faktaberande* einingar. Dette gir ”saftigare” og meir autentisk (sterkare) innhald. I tillegg gir faktaberande sitat ein ekstra kontekst ved personen som har uttrykt informasjonen og samanhengen informasjonen er gitt i.

c) Sitat skal fungere som sjølvstendige *fortellingar* som illustrerer ein bodskap i utstillinga.

d) Sitat skal kunne fungere som tydelege markeringar i *grafiske illustrasjonar*.

Dei ulike måtane å bruke sitat på verkar inn på både lengd og grafisk utforming av tekstane.

Enkeltståande tekstar

Dei er ei utstilling om skriftkultur. I utstillinga er det fleire uavhengige uttrykk som er basert på tekst. Desse har eit stort spenn i måten dei skal plasserast på og i kva dei formidlar. Fleire stader i utstillinga blir skrift derfor også brukt som eit grafisk element, som ornamentikk og illustrasjon, der teksten eigentleg ikkje treng å bli forstått.

(Frå *Arbeidsdokument: Tekstar til basisutstilling – innhald og utforming*. Bøverbru 31.1.2000)

NOTER

1. Institusjonen Ivar Aasen-tunet blir eigd og driven av stiftinga Nynorsk kultursentrum. 19 fylkes-

kommunar, kommunar, utdanningsinstitusjonar, bedrifter og organisasjonar er med i stiftinga.

2. Alle tidsplanane i desse tidlege dokumenta endra seg mykje undervegs. Ivar Aasen-instituttet tok opp dei første mastergradsstudentane hausten 2002; hovudfagsnivået i norsk akademisk utdanning er no erstatta med mastergrad.

3. Det er stiftinga Nynorsk kultursentrum som no eig og driv Dei Nynorske Festspela. Denne årlege festivalen, som er ei feiring av den nynorske skriftkulturen, har vore skipa til kvart år sidan 1992.

4. Det er i dag om lag 700 museumsinstitusjonar i Noreg. Iallfall 20 av desse blei skipa før Aasen-familien skapte sitt museum. Frå slutten av 1800-talet kom særleg mange av dei kulturhistoriske musea som framleis er mellom dei fremste i landet. Det eldste museet i Møre og Romsdal fylke, der Ivar Aasen-tunet ligg, er Ålesunds Museum frå 1866.

5. Bilethoggaren Augusta Finne (1868–1951) budde i København frå 1901. På Statens kunstutstilling i mars 1896 viste ho bysten ho hadde laga av Ivar Aasen, som døydde eit halvt år seinare. Det finst berre seks fotografi av han, nokre målarstykke frå hans samtid og nokre karikaturteikningar. Finnes elegante, naturalistiske byste er den beste dokumentasjonen vi har av Ivar Aasen frå dei siste leveåra hans, og hennar innsikt i hans karaktertrekk kunne ho ta med i det seinare arbeidet med relieffet.

KJELDER

Bræin, Lasse: *Anslag til ein besøksprognose for Ivar Aasen-senteret*. Arbeidsrapport M 9216. Møreforskning, Molde 1992

Budsjett-innst. S. nr. 12 1994–95

Carlsson, Göran og Per-Uno Ågren: *Utställnings-språk. Om utställningar för upplevelse och kunskap*. Stockholm 1982

- Eit nasjonal senter for nynorsk skrifkultur.* Ei vurdering av planane for Ivar Aasen-senteret på Sunnmøre. Rapport frå eit utval nedsett av Kulturdepartementet. Oslo, februar 1994
- Gjestrup, John Aage: *Nasjonalt kulturbygg – Ivar Aasen-tunet. Revidert plandokument 1995.* Bøverbru/Volda mars 1995
- : *Dokumentasjonssenter – Ivar Aasen-tunet.* Bøverbru/Sogndal 16.8.1996
 - : *Ivar Aasen-tunet. Heilskap, historikk, bygningar og kulturlandskap.* Bøverbru 19.9.1997
 - : *Arbeidsnotater til basisutstilling.* Bøverbru 10.9.1998
 - : *Utandørs amfi – Ivar Aasen-tunet.* Dokumentasjon, teikningar, kostnader. Bøverbru 8.2.1999
 - : *Arbeidsdokument om basisutstilling.* Bøverbru 26.3.1999
 - : *Gamletunet i Ivar Aasen-tunet.* Dokumentasjon frå tunet. Bøverbru 28.7.1999
 - : *Forprosjekt til utstillingsplan – basisutstilling.* Bøverbru 30.7.1999
 - : *Ustillingsplan – basisutstilling.* Bøverbru 1.9.1999, revidert 16.9.1999
 - : *Arbeidsdokument: Tekstar til basisutstilling – innhald og utforming.* Bøverbru 31.1.2000
 - : *Detaljert utstillingsplan.* Versjon 001– versjon 004 28.5.2000
- Ivar Aasen-instituttet.* Senter for nynorsk språk og kultur. Tilråding frå utval for vidare planlegging. Februar 1995
- Ivar Aasen-senteret.* Eit nasjonalt senter for nynorsk skrifkultur. Forprosjektet desember 1992
- Nasjonalt kulturbygg – Ivar Aasen-tunet.* Revidert plandokument 1995
- NOU 1996:7 Museum. Mangfald, minne, møtestad
- Pomian, Krysstof: *Collectors and Curiosities.* Cambridge 1990
- St. prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (1995–96)* Om statstilskott til skiping av Ivar Aasen-tunet i Ørsta

SUMMARY

77

John Aage Gjestrup and the Ivar Aasen Centre – the whole and the details

The last project John Aage Gjestrup was able to conclude in Norway was 'Ivar Aasen-Tunet', *The Ivar Aasen Centre for Norwegian Language and Literature*, which was established on the site where Ivar Aasen was born. The institution is specifically dedicated to the documentation, development and promotion of 'Nynorsk', *New Norwegian*, which was the result of the lifelong work of the linguist Ivar Aasen (1813–1896). He devoted himself to the study, collection and publication of Norwegian dialects with a view to liberating the Norwegian language from the strong Danish influence apparent in the official 'bokmål', *Dano-Norwegian*. Ivar Aasen thus became a key figure in the movement which, since 1885, succeeded in getting the two Norwegian idioms officially accepted.

As early as 1893 Ivar Aasen's birthplace, Åsen, had become a place of pilgrimage and national gatherings. In 1896 after his death in Oslo, his personal belongings were taken back to Åsen to form the nucleus of a small museum. In 1992 a committee was considering a proposal for a centre at Åsen to celebrate the memory of the famous linguist and to contribute to the advancement of New Norwegian. John Aage Gjestrup was consulted in 1993 and soon saw the task of creating an exhibition visualizing the abstract concept of language as an inspiring challenge. For seven years he worked as a museological expert on the committee and as a consultant to Sverre Fehn, the architect entrusted with the project. From 1999 John Aage was also the curator for the exhibition.

John Aage never summarized his contribution to the project in writing, but has left behind a series of reports and memos related to various phases of the planning and building process, which reflect his thinking. Ottar Grepstad, Director of the Ivar Aasen Centre, has put together excerpts from documents dated 1995,

1996, 1997, 1999 and 2000 that offer glimpses of the work in progress.

The 1995 memo deals with the possible structure of a national centre for New Norwegian with the aim of linking the popular and patriotic aspects of the linguistic issue with its basis in academic research. The important reciprocity between the two is effectively achieved by establishing the duality of a research institute closely linked to a museum, the latter located in Åsen, with its already existing tradition as a national shrine. The idea was accepted by the Norwegian Parliament, 'Stortinget', in 1994/5, to be financed as a national institution. The memo suggests that a three dimensional presentation of the spoken and written language as an abstract phenomenon had never before been treated in a museum in spite of its central role in democracy and the freedom of expression. The issue of the two – complementary as well as antagonistic – varieties of Norwegian forms an ideal point of departure for elucidating local, national and international disputes. The memo also emphasizes that the sense of the place Åsen, both its national and cultural qualities, must be properly considered and protected. The memo concludes that the increasing importance of digital techniques for the accessibility of information must be exploited by the centre.

The 1996 memo focuses on the documentation centre which must form the heart of the museum. It lists the various types of material which are covered by existing collections and must be made accessible to the public at the centre. But in its strategic considerations the necessity is stressed of creating a digital network for the exchange of materials with research institutes throughout Norway which own, research and develop collections of importance on the history and use of New Norwegian. The printing of books is also an essential theme as the printing works at Volda near Åsen was the first to be established outside the cities and its role in relation to Aasen's ideas about the universal diffusion of literacy is evident. A state report from 1996 gives the Ivar Aasen Centre national responsibility; to-

gether with the museums devoted to Ibsen and Bjørnson it is required to present a specific museological perspective on the history of language and literature. A diagram shows how the documentation centre should function in this national setting. Finally the aspects of authenticity and knowledge, the variety of users and the relevance of the future activities of the centre are discussed.

In 1997 an overview is presented of the various buildings already existing on the site, their history and the efforts the descendants of Ivar Aasen have made over the years to keep the collections accessible to visitors and to procure support from local authorities and the state. Preliminary ideas about the potential future use of both the buildings and the site are presented. The significance of the natural setting and the landscape formed by agriculture and inhabited and used by the Aasen family through the ages – form an essential part of the tale to be told at the centre.

In 1999 the buildings are discussed in depth and their role in the activities of the centre is set out in detail.

In the 2000 memo directives are given for the museographic work. The biographical line representing the life of Ivar Aasen against the background of national and international history will be of central importance. The form and graphics of captions and panels are indicated. The use of quotations is discussed at length.

The notes cease abruptly. As Ottar Grepstad summarizes: John Aage contained in himself a feeling of unrest which did not cease until he had found the optimal solution to his preoccupation. For that reason not everything suggested in the notes was finally carried out. They end as abruptly as did his life.

Ottar Grepstad som svarat för sammanställningen av ovanstående texter är direktör för Nynorsk kultursentrum.

Adr. Nynorsk kultursentrum, Indrehovdevegen 176, N-6160 Hovdebygda

E-post: ottar.grepstad@aaasentunet.no